

Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 31. august 2021 kl. 09.30 – 14.45 på Dalen Hotel

Tilstades:

Regionordfører og ordfører i Tokke Jarand Felland
Regionvaraordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven, sak 31/2021-36/2021
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen
Ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog
Rådmann i Vinje Jan Myrekrok
Rådmann i Nissedal Sverre Sæter
Rådmann i Seljord Rikke Raknes
Rådmann i Fyresdal Une Marit Tangen
Rådmann i Tokke Finn Arne Askje
Rådmann i Kviteseid Øystein Tveit, sak 31/2021-34/2021
Fylkesvaraordfører i Vestfold og Telemark Sven Tore Løkslid
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal

Sak 31/2021 Referatsaker

- Referat førre møte
- Rapport Velferdsteknologiprojekt i Vest-Telemark 2019-2021
- Rapport frå bygningsvernprosjektet ved Vest-Telemark Museum

Vedtak: Referatsaker vart tatt til vitande

Sak 32/2021 Orienteringar

1) *Småbruksprosjektet* ved Johannes Rindal

Johannes Rindal la fram status i prosjektet, 200 brev er sendt ut, og alle desse blir no fulgt opp med telefonsamtaler. Det har blitt gjort avtale med ein konsulent som skal bidra med ringerundene.

Prosjektgruppa har laga ein framdriftsplan.

Jarand Felland meinte at med bakgrunn i at det er stor interesse for prosjektet, bør ein no gå frå pilotfase til full drift for å få raskare framdrift. God marknadsføring av prosjektet er viktig. Sal av småbruk er ein modningsprosess. Kartleggingsarbeidet over landbrukseigedomane som er utført er uansett verdifullt.

Forslag frå Jarand Felland er at Vest-Telemarkrådet oppmoder prosjektgruppa til å sende ut til alle gjenverande eigedomar. Grunngeving for forslaget: Ein av suksesskriteria til førre småbruksprosjekt, var at eigarane vart ringt opp etterfulgt av eit møte. Slepp å sile ut kven ein skal sende brev til. Det er ein tidkrevjande jobb for landbrukskontora rundt i kommunane.

Jon Rikard Kleven uttrykte skepsis til forslaget til Jarand Felland, fordi det kan ta altfor lang tid mellom brevet om småbruksprosjektet og oppfølging av ei telefonoppringing ta lang tid.

Vest-Telemarkrådet var samd i at ein må sette på ressursar for å få for å få utvikling og framdrift. Prosjektgruppa får ansvar for framdrift.

2) *Ulike finansieringsmodellar av interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark* vart presentert av Anne Aasmundtveit

Vedtak: Orienteringane vart tatt til vitande

Sak 33/2021 Merket for berekraftig reisemål og felles reiselivsstrategi

Anne-Hege Svartdal, adm. dir. i Visit Telemark, presenterte dei to reiselivsprosessane; Merket for berekraftig reisemål og felles reiselivsstrategi. Det vart vist til gode døme på samarbeid, m.a. Vesterålen der fem kommunar har gått saman om prosessane og er nå ferdig berekraftsertifiserte.

Det vart vist til Nasjonal reiselivsstrategi der ein vektlegg å satse på mat, natur og kultur. Vidare vert det tilrådd å jobbe heilskapleg og systematisk.

Merket for berekraftig reisemål og felles reiselivsstrategi handlar ikkje bare om reiseliv, men og om bustads- og næringsattraktivitet. Ein må vera aktive på samhandling og jobbe saman, ikkje minst når det gjeld omlegging til det grønne skiftet

Marie Bergsli, dagleg leiar og rådgjevar i rådgjevingsselskapet Mimir, presenterte seg sjølv og selskapet og deira rolle inn i dei to nemnde reiselivsprosessane.

Mimir sine rådgjevarar jobbar med reisemålsprosessar i heile landet og erfaringa deira seier at kvar destinasjon har sine særskilte utfordringar og muligheiter, men metoden er den same.

Rådgjevarar i Mimir innehar den kompetansen Innovasjon Norge krev til godkjente prosessrettleiarar på merkeordninga og reiselivsutviklingsprosessen.

I drøftinga av deltaking i prosessane kom følgjande innspel fram.

- Erik Skjervagen var tydeleg på at Fyresdal kommune ikkje ynskte å gå inn med ressursar i prosjekta no. Fyresdal har ikkje reiseliv som ein strategi og ynskjer ikkje å delta på denne satsinga. Må tenkje at reiselivet skal inn i grønn omstilling.
- Dei fem andre ordførarane uttrykte at dei på vegne av sine kommunar var positive til satsinga.
- Bruk av vetorett i denne saka vart drøfta, men vart uansett ikkje aktuelt pga. av at ein til slutt kom fram til felles einigheit.
- Beate Marie Dahl Eide påpeikte viktigheita av å stå saman som ein felles region og å samarbeide heilskapleg.

Jarand Felland la fram forslag om at Vest-Telemarkrådet finansierar fullt opp kommunanes sin andel i tillegg til rådets andel som ligg inne i budsjetta for 2022 og 2023.

Dersom Innovasjon Norge sine tilskot blir større enn budsjettert, vil Vest-Telemarkrådet sin andel bli redusert i tilsvarende storleik.

	2022	2023
Kommunanes sin budsjetterte kostnad i reisemålsutvikling:	kr 755.000	
<u>Vest-Telemarkrådets sin budsjetterte kostnad:</u>	<u>kr 200.000</u>	
<u>Vest-Telemarkrådet</u>	<u>kr 955.000</u>	
Kommunanes sin budsjetterte kostnad i merkeordninga:	kr 630.000	kr 670.000
<u>Vest-Telemarkrådets sin budsjetterte kostnad:</u>	<u>kr 100.000</u>	<u>kr 200.000</u>
<u>Vest-Telemarkrådet</u>	<u>kr 730.000</u>	<u>kr 870.000</u>

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet vedtek å sette av inntil kr. 2.555.000 over 2 år slik:

a) inntil kr 955.000 til reisemålsutvikling og inntil kr 730.000 til merkeordninga i budsjettet for 2022 under føresetnad av medfinansiering frå Innovasjon Norge og politiske vedtak i alle Vest-Telemarkkommunane om deltaking i begge reiselivsprosessane.

Forslag til finansiering kjem i budsjettsaka til rådet i novembermøtet 2021.

b) inntil kr 870.000 til merkeordninga i budsjettet for 2023 under føresetnad

*av medfinansiering frå Innovasjon Norge og politiske vedtak i alle Vest-Telemarkkommunane om deltaking i begge reiselivsprosessane.
Forslag til finansiering kjem i budsjettsaka til rådet i novembermøtet 2022.*

*Vest-Telemarkrådet rår Vinje, Tokke, Nissedal, Kviteseid, Seljord og Fyresdal kommunar til å slutte seg til deltaking i følgjande 2 prosjekt/prosessar:
a) Merket for berekraftig reisemål for Vest-Telemark
b) Felles reiselivsstrategi for Vest-Telemark.*

Sak 34/2021 Felles klimaplan 1. høyringsutkast

Torunn Raftenvold Rue, leiar i referansegruppa og kommunalsjef i Seljord kommune, og Anne Aasmundtveit presenterte felles klimaplan.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet tar høyringsutkastet til orientering og oversendar høyringsutkastet til behandling i den enkelte kommune.*

Sak 35/2021 Strategi fylkesveggar og NTP

Jarand Felland orienterte om bakgrunn for strategien og finansiering av fylkesveggar. Det er ei tilskotsordning som er varsla i NTP og som Statens Vegvesen er ansvarleg for. Fv. 355 og fv. 38 er tidlegare vedteke i Vest-Telemarkrådet som prioriterte fylkesveggar. No er opprusting av fv. 355 godt i gang.

No ber Vest-Telemarkrådet fylkeskommunen om å prioritere strekninga fv. 38 Åmot-Dalen.

Fylkesvaraordfører Sven Tore Løkslid presiserte at ny fylkesvegstrategi og handlingsprogram kan vera førande og er ein viktig plan å spela «gryteklare» prosjekt til.

Jarand Felland la fram argument for kvifor denne strekninga bør bli prioritert.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet prioriterer fv. 38 Åmot – Dalen som eit prosjekt til den varsla støtteordninga for fylkesveggar i NTP, og ber fylkeskommunen arbeide fram grunnlag og planar for at ein raskt kan starte arbeidet på strekninga.*

Sak 36/2021 Forslag til justert budsjett 2021

Anne Aasmundtveit la fram forslag til justert budsjett 2021.

Jarand Felland ber Vinje kommune om å avklare før årskiftet om utbetaling av inntil kr. 600.000,- i garanti til USN er aktuelt.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til justert budsjett 2021.*

- *Eit mindreforbruk på administrasjonen sitt driftsbudsjett kr 100' blir overført til klimaplanarbeidet.*
- *Resterande mindreforbruk på administrasjon på kr 160' og mindreforbruket på ansvar 1108 kr 160.000 vert overført disposisjonsfondet.*
- *Reduksjon i mva-komp på kr 200.000 gir tilsvarande reduksjon på driftsinntekter og driftsutgifter.*
- *Av mindreforbruket på kr 600.000 på ansvar 1130 Digitalisering vert kr 200.000 overført disposisjonsfondet og kr 400.000 budsjettert av fondsmidlar blir ikkje nytta.*
- *Garantien til USN vert redusert med kr 300.000 Budsjetterte fondsmidlar vert ikkje nytta.*

Sak 37/2021 Høyring om ny kyrkjeleg organisering

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet vedtek framlegg til uttale slik den ligg føre.*

Sak 38/2021 Møte med Setesdal interkommunalt politisk råd 19. oktober kl. 9-11 i Rysstad

Orientering om møteopplegg ved Jarand Felland, som håpar at så mange som råd har lyst og høve til å delta på middag og overnatting 18. -19. oktober.

Vedtak: *Administrasjonen utarbeidar ein agenda basert på innspela i rådsmøtet og går i dialog med dagleg leiar i Setesdal regionråd om denne. Arbeidsutvalet fastsett til slutt saklista.*

Sak 39/2021 Innspel til Vest-Telemarkkonferansen 2022

Rådet drøfta aktuelle tema til Vest-Telemarkkonferansen 2022.

Jarand Felland viste til e-posten han har sendt til alle ordførarane om sitt forslag om å ha kraft som tema; meir verdiskaping nær kraftproduksjon og legge til rette for industri. Enkelte kommunar får ikkje tatt ut den konsesjonskrafta dei har krav på.

Eit ope spørsmål frå Jarand Felland om dette kan vera eit interessant tema på konferansen.

Tilbakemeldingar:

- Beate Marie Dahl Eide meinte at teamet ikkje passar inn i den omtalte arenaen. Ein må søkje å famne breitt i næringslivet. Kraft famnar ikkje om alle, bør heller vera tema på ein annan arena. Beate Marie Dahl Eide uttrykte positivitet til forslag 1. post korona.
- Halvor Homme støtta opp om synspunkta til Beate Marie Dahl Eide.
- Erik Skjervagen: Kraft kan vera undertema. Kraft er eit reiskap for utvikling og vekst, og derfor bør det bli satt litt fokus på dette tema i denne konferansen.
- Rikke Raknes: Reiseliv vil vera eit aktuelt tema no som Vest-Telemarkrådet har vedteke ei positiv innstilling til deltaking og finansiering av Merket Berekraftig reisemål og felles reiselivsstrategi.
- Jan Myrekrok: Bør kople til det grønne skiftet til kraft. Må vera ei tilnærming som gjer at det er aktuelt i tida og for eit breiare publikum.
- Telemark Bilruter var nemnd som ei lokal bedrift som vil vera interessant å høyre
- Oppsummering: Grønne skiftet som hovudtema med kraftbruk lokalt som undertema samt næringslivspresentasjonar mm.

Vedtak: Innspela i rådet vert innarbeidd i planlegginga av konferansen.

Sak 28/2021 Nettverksbygging i Vest-Telemark – ei utsett sak frå rådsmøtet 18. mai 2021

Jarand Felland orineterte om bakgrunn for saka.

Målgruppa for nettverket er innflyttarar i alderen ca. 25-35. På ei organisert samling, må det vera eit tema. Det er ikkje nok å sette ei annonse i VTB eller sende ein invitasjon. Ein må ta direkte kontakt med aktuelle personar i målgruppa og oppmode dei til å delta på ei nettverkssamling- ein uformell møteplass.

Beate Marie Dahl Eide stilte spørsmålet om det å samle nye innflyttarar er rett? Er det meir føremålstenleg om innflyttarar treff fastbuande/lokalbefolkninga.

Kommunane er ikkje store til å arrangere slike samlingar aleine, derfor bør det bli regionalt uttalte Jarand Felland.

Det vart ikkje tatt stilling til om ein skulle arrangere ei slik samling i haust.

Vedtak: *Administrasjonen er ansvarleg for å arrangere ei nettverkssamling til haust 2021/vår 2022 .
Opplegg for samlinga som skissert i saka og med innspel gitt i rådsmøtet.*

Sak 40/2021 **Eventuelt**
Ingenting kom opp under eventuelt.